

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til søknad om fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget i Aurland og Ulvik kommunar i Vestland fylke

Saka gjeld søknad om fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget i Aurland og Ulvik kommunar, Vestland fylke.

Det er ikkje planlagt noko endringar i dei eksisterande reguleringane. Det vert opplyst at det er gjort ei oppgradering av alle reguleringsdammane og det er installert nye tappeorgan på Klevavatn og Reinungavatn, slik at reguleringane kan fjernstyrast.

Klimatilpassing

Det er, etter fylkeskommunen sitt skjønn, ikkje greidd ut nok om aktuelle klimatilpassingstiltak i søknaden. Klimaendringane skapar store utfordringar i vassdrag på vestlandet. Dette er og tilfellet her, som me kan sjå frå skadeflaumen i 2014 i Flåmsvassdraget. Flaumdempande tiltak bør vere eit tema i handsaminga av denne søknaden.

Det er nemnd i søknaden at den beskjedne reguleringsgrada utgjer lita, om noko forskjell, på flaumforholda i vassdraget. Fylkeskommunen stiller spørsmål til om det er undersøkt om ikkje det kan gjerast tiltak som endrar dette. Aktiv regulering kan i mange tilfelle vera eit godt tiltak for å hindra flaum. Vestland fylkeskommune ber om at det i denne handsaminga vert greidd ut om ev. tiltak som kan bidra til å førebu regionen på eit meir ustabil klima med hyppigare ekstremvêrhendingar.

Næring

I søknaden vert det ikkje lagt opp til at Kjosfossen skal ha minstevassføring, sjølv om den er ein kjend turistattraksjon. Det er konkludert med dette med bakgrunn i m.a. at drifta av kraftverket og turismen rundt Kjosfossen har late seg kombinere gjennom den tida kraftverket har vore i drift. Søkjar har sjølv nemnd i søknaden at Kjosfossen er ein viktig turistattraksjon. Det er heilt naturleg å tenkja at fossen hovudsakleg er attraktiv når det renn vatn i han. Fossen er viktig for turistnæringa, som er ei god inntektskjelde i regionen. Turistnæringa er i vekst i Vestland og det bør difor òg leggjast til rette for betring der det er mogeleg. At drift og turisme har vore kombinert fram til no, utan minstevassføring, betyr ikkje at eit krav om minstevassføring ikkje ville gjort store utslag på Kjosfossen som turistattraksjon.

Det er vist til normalåret 1994 då det var 6 dagar det ikkje rann vatn i fossen. Det er difor tenkjeleg at ei minstevassføring ikkje vil gje store tap i kraftinntekter. På ei anna side vert klima meir og meir utilrekeleg. Det kan koma lengre periodar med turke så vel som periodar med ekstremnedbør. Fylkeskommunen meiner fossen er ein viktig attraksjonen for regionen. Det bør difor leggjast til rette for ei minstevassføring i fossen slik at den blomstrande turistnæringa på ein føreseieleg måte kan nytta seg av han.

Kulturminnefaglege merknadar

Sektoravgift

Sidan opphøveleg konsesjon vart gjeve for 1960 og det ikkje vart gjennomført arkeologiske registreringar i samband med søknaden i 1944 fell søknaden om konsesjonsfornyning under ordninga med sektoravgift. Sektoravgift ligg under Olje- og Energidepartementet, kap. 1820 post 74 *tilskot til museums-/kulturminnetiltak*.

Retningslinene for bruk av ordninga er fastsett av Miljøverndepartementet (2011). Riksantikvaren står som ansvarleg for forvaltninga av desse midlane. Fylkeskommunen uttalar seg på denne bakgrunn frå eit reint fagleg ståstad og vurderer kva som er kjend av automatisk freda kulturminne i konsesjons-områder, samt gjer ei vurdering av potensial av nye funn.

Automatisk freda kulturminne i reguleringsområdet

Innanfor reguleringsområde er det kjend relativt få automatisk freda kulturminne, sett i høve den geografiske utbreiinga til konsesjonsområdet. Det låge talet skuldast nok i all hovudsak at det har vorte gjennomført få systematiske kulturminneregistreringar i området. Talet på førhistoriske kulturminne knytt til jakt, fangst og ferdsl er difor truleg underrepresentert. For detaljar kring registrerte automatisk freda kulturminne i konsesjonsområde, sjå Riksantikvarens database «Askeladden». Sjølv om mengda kjende automatisk freda kulturminne ikkje er stor så er det likevel ei stor breidde ulike kulturminnekategoriane, og som syner viktigeita av fjellressursane opp gjennom tidene.

Lengst aust ved Seltuftvatnet er det registrert eit automatisk freda kulturminne. Id. 114904-1 er eit arkeologiske kulturminne i form av 7 slagghaugar. Kulturminnet er datert til 185-195 f.kr., førromersk jernalder. Den eine slagghaugen kan moglegvis vere ei tuft. Mellom slagghaugane er det teke eit prøvestikk som innehaltdt avslag og eit flekkeliknande avslag av kvartsitt. Slagghaugane ligg på ein lausmasserygg som er utsett for erosjon og er utrasa mot stranda.

Om lag 400 meter mot aust frå Seltuftvatnet, ved sela på Seltuft, er det registrert tre skålgropsteinar. Skålgropsteinane er automatisk freda, id.169671-1. Eit par kilometer sør for Klevavatnet, ved nordre del av Grøndalsvatnet, er det og kjend ei rekkje kulturminne som kan relaterast til slepa id. 112725 som går frå Uppsetedalen via Grøndal til Hallingskeid. Her finns busetnadsspor frå jernalder og mellomalder id. 105921, id. 105923, kokegroperlokalitetar id. 212307, 212309, 212312, 212317, 212319, 212322, funnstad for pilspiss frå merovingartid id. 223632, samt stølar/stølsområde. Ved Hallingskeid i Grøndalen kjem ferdslåreane frå Sogn i nord, Voss i vest, Hardanger i sør og Hallingdal i aust saman. Kokegroper, stadnamnet og metallsøkarfunn indikerer at denne sentrale plasseringa har vore nytta som møtestad og marknadsplass over ei lang tidsperiode, frå jernalder, mellomalder fram til nyare tid.

Rallarvegen vart etablert i 1895-1902 som ein anleggs- og transportveg til Bergensbanen. Veggen er verken utvida eller modernisert sidan den vart etablert. Veggen strekkjer seg over utkanten av Hardangervidda, langs Bergensbanen frå Haugastøl til Myrdal og derifrå ned Flåmsdalen til Flåm og ned Raundalen til Voss. Veggen går gjennom høg fjellsterreng som er sårbart for moderne inngrep.

Vurdering av funnpotensiale og behov for nye registreringar

Fylkeskommunen vurderer at det er eit potensiale for å gjere nye funn av steinalder lokalitetar, fangstanlegg, stølsanlegg og tufter, vegfar og andre utmarkskulturminne som kan setjast i samanheng med utnytting av høg fjellressursane i førhistorisk tid.

Vi ser difor eit behov for å gjennomføre arkeologiske registreringar i og ved reguleringssona til alle regulerte vatn som er omfatta av konsesjonssøknaden. Registreringane skal i fyrste omgang kartlegge omfanget av førhistorisk aktivitet i reguleringssonene. I neste omgang skal dei bidra til å dokumentere tilstand og skadeomfang på kulturminna som følgje av erosjon og isskuring.

Skadeårsakar og verknader

Skadeomfanget på kulturminne i regulerte vatn er svært varierande. Enkelte kulturminne kan verte betydeleg skada, medan andre vert lite påverka. Det som gjer mest skade på kulturminna er erosjon. Erosjonen skuldast i hovudsak at vasstanden i magasina stadig vert endra. Kulturminna som då ligg i reguleringssona vert stadig utsett for utvasking - tørrlegging - utvasking. Bølger og isdanning på vinteren arbeidar til stadigheit med strandsona.

Den opphavelige konteksten til kulturminna vert stadig meir utydeleg og uryddig. Rørsler i isdanning på vinteren og påfølgjande smeltingar av denne fører og til stor omroting og ikkje minst redisponering av sedimenta, inkludert potensielle artefaktar frå kulturminnelokalitetar. Dette fører til at kunnskapspotensialet i dei arkeologiske lokalitetane vert forverra med tida. Det er derimot lite dokumentert korleis skadeprosessar verkar på kulturminna, ikkje minst kor lang tid det tek før ulike kulturminne må reknast som tapt.

Kulturminnefagleg tilråding

På bakgrunn av den informasjonen ein i dag har for områda, kan ikkje fylkeskommunen vere trygg på at ein har eit tilfredsstillande kunnskapsbilete av det kulturhistoriske tilhøvet kring vatna. Arkeologisk registreringsarbeid, jf. §9 i lov om kulturminne, vil difor skape eit viktig referansemateriale for fjellområda. Dette gjeld i hovudsak i høve kunnskap ein har om utmarksbruk i samband med jakt, fangst, sanking men og i samband med tema som ferdsel og handel.

Det er vidare grunn til å uroa seg over vedvarande erosjon og nedbryting på grunn av bølger og is-tilhøve i stadig skiftande strandsoner (i reguleringssonene), noko som gjer at ein på sikt kan miste vesentleg informasjon til kjelde for ny kunnskap. I vidare vurderingar bør ein sjå på kunnskapspotensialet i kulturminna versus skadeverknadar av reguleringa.

Vestland fylkeskommune legg til grunn i vår uttale at NVE tek med i konsesjonsvilkåra krav om gjennomføring av § 9 jf. Lov om kulturminne.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
Seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
ULVIK HERAD Skeiesvegen 3
AURLAND KOMMUNE Vangen 1